



Vestlandsforskning
Boks 163, 6851 Sogndal
Tlf. 57 67 61 50
Internett: www.vestforsk.no

VF-rapport nr. 8/2007

Informasjonsarkitektur for kommuneportalar i Sunnfjord

Svein Ølnes og Nils Arne Hove

VF Rapport

Tittel	Rapportnummer 8/2007
Informasjonsarkitektur for kommuneportalar i Sunnfjord	Dato 11.07.2007
	Gradering Open
Prosjekttittel IT-arkitektur Sunnfjord	Tal sider 37 + 20
	Prosjektnr 6059
Forskarar Svein Ølnes og Nils Arne Hove	Prosjektansvarleg Ivar Petter Grøtte
Oppdragsgivar Førde kommune	Emneord
Samandrag <p>Vestlandsforskning fekk i oppdrag av Førde kommune å leia eit arbeid med utvikling av informasjonsarkitektur (IA) for dei nye kommuneportalane Førde og nabokommunane¹ skal etablera. IA-prosjektet er utført i samarbeid med Netlife Research.</p> <p>Hovudpunktua i arbeidet har vore utvikling av ein gjennomgåande informasjonsstruktur for portalane og utforming av kjernesider som presentasjonsform for den viktigaste informasjonen.</p>	
Andre publikasjonar frå prosjektet	
ISBN: 978-82-428-0272-9	Pris:

¹ I tillegg til Førde er det Jølster, Naustdal, Gauldalen, Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Solund

Forord

Vestlandsforsking fekk i oppdrag å leia arbeidet med informasjonsarkitektur for dei nye kommuneportalane som skal etablerast i fellesskap av Sunnfjordkommunane Førde, Jølster, Naustdal, Gauldalen, Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Solund.

Arbeidet har vore gjennomført i samarbeid med firmaet Netlife Research, eit firma som har spesialisert seg på informasjonsarkitektur og brukarvennlege Internett-løysingar.

Vestlandsforsking har hatt ansvaret for prosjektet og har brukt Netlife Research som underleverandør. Netlife Research har vore ansvarlege for utvikling av konsept (kjernesider) og prototypar medan Vestlandsforsking har vore ansvarlege for utvikling av informasjonsstruktur og dokumentasjon i form av rapport.

Forskar Svein Ølnes har vore prosjektleiar og har skrive hovuddelen av rapporten. Systemutviklar Nils Arne Hove har delteke i prosjektet og særleg arbeida med spørsmål kring informasjonsstruktur og informasjonsorganisering. Forskingsleiar Ivar Petter Grøtte har vore ansvarleg for kvalitetssikringa av prosjektet. Frå Netlife Research har senior usability spesialist Are Halland delteke saman med usability spesialist Martha Lyngnes.

Takk til oppdragsgjevar ved arbeidsgruppa for portalprosjektet, og særleg prosjektleiar Åshild Helleset i Førde kommune, for godt samarbeid.

Sogndal, juli 2007

Innhald

Samandrag	5
1. Bakgrunn.....	7
2. Informasjonsarkitektur og semantiske teknologiar	8
2.1 Informasjonsarkitektur	8
2.2 Semantiske teknologiar	8
2.3 Emnekart	9
2.4 Søk som "lakmus-test" på portalstruktur	10
2.5 Kjernesider som berande idé for portalen	12
3. IT-utviklinga i kommunesektoren	14
3.1 IT-utviklinga generelt i kommunesektoren	14
3.2 Utviklingstrekk for Internett-tilpassinga i kommunesektoren	15
3.3 eKommune 2009 – det digitale spranget.....	16
3.4 eNorge 2009 og "Eit informasjonssamfunn for alle"	16
3.5 BEST og EKIT	17
3.6 KS-prosjektet "Tenester på nett – frå pilot til produksjon"	20
3.7 Noark-4, Noark-4 WS og Noark 5	21
3.8 Los	23
3.9 Kva er ei teneste?	24
4. Utgangspunktet for kommunane	26
4.1 Kvalitet 2006	26
4.2 Kan kvalitet målast?	26
4.3 Tolking av resultata	27
4.4 Resultata for SYS-kommunane	28
4.5 Analyse av utvalde kommuneportalar	29
5. Forslag til informasjonsstruktur og -arkitektur	31
5.1 Informasjonsstruktur	31
5.2 Informasjonsarkitektur	33
Vedlegg 1: Analysen av eit utvald kommuneportalar	38
1. Asker kommune (6 stjerner).....	38
2. Sørums kommune (6 stjerner).....	41
3. Stavanger kommune (5 stjerner)	43
4. Bergen kommune	46
5. Trondheim kommune (5 stjerner)	49
6. Larvik kommune (6 stjerner).....	52
7. Hole kommune (6 stjerner)	55

Samandrag

Vestlandsforsking fekk i oppdrag av Førde kommune å leia eit arbeid med utvikling av informasjonsarkitektur (IA) for dei nye kommuneportalane Førde og nabokommunane² skal etablera.

Arbeidet med informasjonsarkitektur er gjort i samarbeid med firmaet Netlife Research, eit firma som har markert seg som eit av dei leiande miljøa i landet på brukarorientert web-utvikling (*Usability*).

Den føreslegne informasjonsarkitekturen for dei nye portalane er eit resultat av eit grundig og systematisk arbeid som har omfatta avklaring av målsetjingar, kartlegging av eksisterande ressursar, utarbeiding av berande konsept for portalane, utvikling av underliggende informasjonsstruktur og utvikling av prototypar som basis for portalleverandøren sitt arbeid med utvikling av malar for dei endelege portalane. Arbeidet har vore av iterativ karakter der vi har gått fleire rundar for å fanga opp alle sider og for å sikra at alle moment er avklara. Den interne arbeidsgruppa for prosjektet har vore viktig her.

Prosjektet har konsentrert hovudinnsatsen om to sentrale punkt:

1. Utvikling av ein gjennomgåande informasjonsstruktur
2. Bruk av kjernesider som presentasjonsform for viktig informasjon

Ein grunnleggjande **informasjonsstruktur** er utvikla med basis i emnekart-teknologi (*Topic Maps*). Emnekart gir eit vokabular og eit rammeverk som passar veldig godt for modellering av informasjonsportalar. Bruk av emnekart-teknologi tvingar kunden til å måtta ta stilling til grunnleggjande namngiving og beskrivelse av samanhengar **før** ei einaste kodelinje er skriven og før design m.m. er diskutert i det heile. Den er grunnleggjande også på den måten at det ikkje er meny og menystruktur som blir diskutert, slik utgangspunktet ofte er for portalprosjekt. Slike diskusjonar kjem i kjølvatnet av den grunnleggjande modellen og som eit **resultat** av informasjonsstrukturen. Informasjonsstrukturen for portalen er såleis uavhengig av menystrukturen.

Ei slik tilnærming er ny for mange, også for leverandørar av portalsystem. Det krev ei anna tenking og ein annan framgangsmåte enn det som til no har vore vanleg. Emnekart-teknologien handlar om å byggja semantiske strukturar og relasjonar (sjå kapittel 2) frikopla frå portalsystemet. Utfordringa for portalleverandøren er å støtta den føreslegne, uavhengige strukturen. Det har vist seg å vera ei stor utfordring.

Det viktige i denne delen av arbeidet er søkjelyset på semantikk og semantiske relasjonar. Emnekart er berre eitt av fleire språk for å utføra slik modellering, men det har vist seg særskilt godt eigna i portalsamanheng. Det betyr ikkje at dei portalane som blir utvikla er emnekart-baserte, det er dei ikkje. Emnekart er her berre brukt som modelleringspråk for informasjonsstrukturen.

Det andre sentrale punktet i dette arbeidet har vore bruk av **kjernesider** som modell for presentasjon av den viktigaste informasjonen. Kjernesider er som namnet seier sider som viser kjerneinformasjon. Alle nettstader har kjerneinformasjon, men hos veldig mange er den

² I tillegg til Førde er det Jølster, Naustdal, Gauldalen, Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Solund

underkommunisert om den er uttrykt i det heile. Kjerneinformasjonen er informasjon om dei viktigaste oppgåvene eller tenestene til ei verksemd. For kommunar er kjerneinformasjonen først og fremst knytt til **tenester**. Men den treng ikkje vera avgrensa til tenesteinformasjon. For bankar vil kjerneinformasjonen vera lån og lånetypar, sparing og sparetilbod, korttilbod osv., for ein høgskule vil kjerneinformasjonen vera knytt til studium, forskingsaktivitet osv.

Styrken med bruk av kjernesider er at den passar alle typar nettstader fordi alle verksemder har kjerneområde dei arbeider med eller tilbyr. Modellen er i grunnen berre sunn fornuft sett i system. Den er også eit forsøk på å bøta på sentrale IA-problemer som navigasjonsoverflod, isolasjon, informasjonsoverlassing med meir.

Viktige kjenneteikn ved kjernesider som modell er:

- Kjernesidene skal stå på eigne bein og vera uavhengige av korleis brukaren kjem inn (mange kjem inn via søkemotor i våre dagar)
- Den viktigaste informasjonen først! Gå rett på sak og ikkje bruk unødvendig introduksjon og transportsider.
- Tydeleg merka, og varierte, inngangar og utgangar. Dersom kjernesida skal føra til ei handling (fyll ut skjema, legg i handlekorg osv.) må denne merkast tydeleg. Det skal ikkje vera tvil om kva som er hovudpoenget med akkurat denne kjernesida. På ei kjerneside om barnehage må søknad om barnehageplass ha ein sentral plass.

Resultatet av arbeidet med informasjonsarkitektur for Sunnfjord-portalane rommar meir enn det som er nemnt her, men dette er dei to absolutt viktigaste områda. Utkast til portalar i form av prototypar av startside og utvalde undersider, menystruktur m.m. er tilgjengelege på <http://vfp1.vestforsk.no/sys/>.

1. Bakgrunn

Førde kommune og dei andre kommunane i SYS-samarbeidet vedtok eit større satsing på sak og arkivsystem samt nye portalsystem som ein del av strategien i SYS. I 2006 vart det gjennomført eit innkjøpsprosjekt for dei to systema sak/arkiv og portal. Vestlandsforskning var leigt som rådgivar i prosessen og innkjøpsprosjektet konkluderte med kjøp av ACOS *Websak* sak- og arkivsystem og ACOS portalsystem *InfoLink*.

Under innkjøpsprosessen vart det sett i gang eit arbeid for å vurdera kva ekstra arbeid ein trong for å etablera dei nye kommuneportalane, i tillegg til installasjonsarbeidet frå ACOS som alt låg i tilboden. Det vart vedteke å etablera eit parallelt prosjekt for utvikling av informasjonsarkitektur for portalane. IA-prosjektet skulle gå parallelt med førebuingssarbeidet til ACOS og måtte skje i tett dialog og koordinering med dei.

IA-prosjektet fekk støtte frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sine omstillingssidelar og hadde følgjande gjennomføringspunkt:

- **Analyse-fase**
 - strategi
 - rammer
 - mål
 - brukargrupper, -behov og -oppgåver
 - innhaldskartlegging
- **Konsept**
 - kva er det berande prinsippet?
 - korleis organisera det?
- **Utviklingsfase**
 - informasjonsarkitektur
 - grunnleggjande strukturar ("emnekart light")
 - prototyping
 - malutvikling
- **Design**
 - design og layout for dei nye portalane (kun koordinering, ikkje utføring)

Arbeidsgruppa for portalprosjektet i Sunnfjord har definert hovudmål og konkrete delmål for prosjektet. Kort fortalt er den overordna målsetjinga er å tilby betre sjølvbetjening for innbyggjarane gjennom dei nye kommuneportalane. Denne rapporten tek opp rammene for utviklingsarbeidet og dei overordna løysingsforsлага. Eit arbeidsdokument eksisterer i tillegg som eit praktisk styringsverktøy for prosjektet.

Rådmann Ole John Østenstad, aktiv medlem av arbeidsgruppa, har formulert idealet for dei nye portalane som "nettbank, ikkje nettavis". Kommunane vil leggja mykje større vekt på tenester og mindre vekt på nyheitsproduksjon. Mange kommuneportalar har hatt ei lokalavis-liknande utsjånad, det ønskjer ikkje Førde og nabokommunane. Dei vil ha ein portal der innbyggjarane kan utføra store delar av søknadsjobben og elles få den informasjonen og hjelpe dei treng.

2. Informasjonsarkitektur og semantiske teknologiar

2.1 Informasjonsarkitektur

Informasjonsarkitektur er eit ung fag som først vart definert på slutten av 1990-talet, i første rekke av forfattarane Louis Rosenfeld og Peter Morville. Begge har utspring frå biblioteksfagleg miljø ved University of Michigan. Dei definerer omgrepet *informasjonsarkitektur* på denne måten (Rosenfeld & Morville 2002), i det som har vorte standardverket om faget (populært kalla ”isbjørn-boka”):

1. Kombinasjonen av organiserings-, kategoriserings- og navigasjonsplan i eit informasjonssystem
2. Den struktureringa av informasjonsrommet som er nødvendig for fullføring av oppgåver og intuitiv tilgang til innhaldet
3. Kunsten og profesjonen knytt til strukturering og klassifisering av vefsider og intranett for å hjelpe brukarane å finna og administrera innhaldet
4. Ein veksande disiplin og eit veksande fellesskap av arbeidet med å bringa prinsipp frå design og arkitektur over i det digitale landskapet

Informasjonsarkitektur låner kunnskap frå mange disiplinar:

- grafisk formgjeving (design og layout)
- informatikk (særleg programmering og oppsett av vevtenester)
- arkitektur (mange metaforar og beskrivelsar er henta her)
- biblioteksfag (klassifisering, kategorisering, etablering av kontrollert vokabular³)

Informasjonsarkitekturen er av natur svært brukarorientert. Den tek utgangspunkt i brukarane sine forventningar og behov og brukar det som viktigaste kjelde for det vidare struktureringarbeidet.

Informasjonsarkitektur handlar i stor grad om å gjera informasjonen tilgjengeleg på ein best muleg og mest muleg intuitiv måte. Som Peter Morville, forfattar av bøkene *Information architecture for the World Wide Web* og *Ambient Findability* (Morville 2005) formulerer det: ”Information that is hard to find, will remain information that is hardly found”. Det er særleg viktig for offentlege nettstader å gjera informasjonen synleg og tilgjengeleg ut frå opplysningsplikta det offentlege har.

2.2 Semantiske teknologiar

Den brukarorienterte inngangen i informasjonsarkitekturen er viktig for å sikra eit godt og brukarvennleg resultat. Men det finst strukturar som er meir uavhengige av synstad og som kanskje kan kallast generiske⁴.

³ Eit kontrollert vokabular kan vera alt frå ei ”godkjent” liste med ord som dekkar eit spesielt område (i enkleste form ein synonymring av meir eller mindre like ord), til meir avanserte klassifikasjonssystem (hierarkisk ordning) og til slutt utbygd med relasjonar i ein tesaurus

Det blir stadig viktigare å beskriva det universet vi arbeider med, i dette tilfellet er det kommunen, og å setja ord på dei ulike delane det er bygd opp av. Det er slik vi nærmar oss ein semantisk⁵ rikare vev, ein vev der informasjonselementa er utstyrte med tilleggs-informasjon i form av metadata⁶.

Til hjelp for modellering av semantiske vevtenester har vi i prinsippet to standardiserte metodar:

- Emnekart (*Topic Maps*)⁷
- RDF + OWL⁸

Emnekart er ein relativt ny ISO-standard (ISO 13250:2003) som gir eit grunnlag for å setja ord på ting⁹ og relasjonar mellom ting på ein standardisert måte. Emnekart er vorte svært populært i Norge og spesielt i offentleg sektor. Det skuldast først og fremst at det er sterke fagmiljø her i landet som også står i spissen for utviklinga og standardiseringa på verdsbasis.

RDF/OWL er W3C⁹ sin tilrådde standard for etableringa av semantisk støtta vefsider. Den har ei anna utbreiing enn emnekart, sjølv om dei to standardane kan samanliknast og også delvis kan utveksla informasjon mellom seg. Ei innføring i semantisk vev med hovudvekt på RDF/OWL, men også med omtale av emnekart og samanlikning av dei to standardane, finn vi m.a. i boka "*The Semantic Web: A Guide to the Future of XML, Web Services, and Knowledge Management*" (Daconta et al. 2003).

Litt enkelt sagt er emnekart-teknologien definert av "biblitekarar" og stammar frå problemstillingar i biblioteksverda, medan RDF/OWL har røtene sine i "kunstig intelligens"-miljøa og er brukte i meir tekniske miljø og i løysingar av typen ekspertsystem. Emnekart har vist seg å fungera veldig godt som drivkraft og motor i portalar, sidan den har sterke eigenskapar i å uttrykkja og handtera relasjonar. Den har også ein annan fordel i at fleire standard portal- og publiseringssystem¹⁰ har tilpassa løysingane sine til å støtta emnekart-definerte modellar.

2.3 Emnekart

Dette kapitlet er henta frå VF-rapport 3-2006 (Ølnes 2006).

Emnekart vart ein ISO-standard i 2000 og den gjeldande standarden er frå 2003¹¹ (ISO/EIC 2003). At emnekart er ein standard er ei forsikring for at dei som ordnar informasjonen sin etter dei definerte reglane, kan utveksla informasjon med andre som gjer det same. Det gir også større sikkerheit for at informasjon strukturert etter emnekart-standarden, kan utvekslast med andre informasjonssystem, framfor alt andre semantisk baserte kunnskapssystem.

⁴ Med generisk meiner vi her at strukturane kan modellerast uavhengig av kva synsstad vi ser objektet frå. Ein kommune har ei organisering og ei oppbygging som kan modellerast utan at vi treng ei brukarorientert forståing av den. Den har bygningar, tilsette, roller, oppgåver osv.

⁵ Semantisk: "kva ord tyder"

⁶ Metadata er "informasjon om informasjon" – tilleggsinformasjon som beskriv sjølve informasjonen

⁷ RDF = Resource Description Framework, OWL = Web Ontology Language

⁸ I emnekart vil terminologien vera *emne*, og eit emne kan vera kva som helst

⁹ W3C – World Wide Web Consortium – organisasjonen som overvakar verdsveven og føreslår nye standardar innafor den. W3C blir leia av Tim Berners-Lee, som var den som fann opp verdsveven.

¹⁰ Fleire slike prosjekt er under arbeid. Av tilgjengelege løysingar kan nemnast portalsistema *OfficeNet Knowledge Portal*, *EPiServer* og *eScenic*.

¹¹ ISO/EIC 13250:2003

Standarden er relativt ny og det er ei viktig forklaring på at teknologien enno relativt sett er teken lite i bruk og at det er relativt lite tilgjengelege verktøy for bygging av emnekartportalar. Kunnskapen om standarden er også avgrensa i konsulentbransjen.

Det er fleire tillegg til standarden under arbeid. Mellom anna vert det arbeida med ein standard for spørjing mot emnekart, og det vert arbeida med å standardisera rammer og avgrensingar i modellspråket (*constraint language*).

Emnekart er eit språk for å beskriva informasjon og samanhengen mellom ulike informasjons-element. Det blir gjort ved å laga ein *ontologi*¹². Sentrale begrep i ontologien utforma ved hjelp av emnekart, er:

- emne (*topics*)
- assosiasjonar (*associations*)
- førekommstar (*occurrences*)

Eit emne er ein representasjon av eit subjekt og kan vera ”kva som helst”. Som Steve Pepper, Ontopia, definerer det i si grunnleggjande innføring i emnekart *The TAO of Topic Maps* (Pepper 2000):

” What then is a topic? A topic, in its most generic sense, can be any “thing” whatsoever — a person, an entity, a concept, really anything — regardless of whether it exists or has any other specific characteristics, about which anything whatsoever may be asserted by any means whatsoever.

Det er altså ikkje grenser for kva som kan vera emne i eit emnekart. Assosiasjonane er namn på relasjonar mellom emna. Førekommstane er instansar av emna, ofte nettadresser (URI).

2.4 Søk som ”lakmus-test” på portalstruktur

Emnekartet blir eit kunnskapslag over informasjonsressursane. Ved hjelp av kunnskapslaget får vi betre oversikt over informasjonen og samanhengen mellom ulike informasjonselement. Kunnskapsstøtta kjem også til syne når ein gjer spørjinga mot emnekartet. Eit emnekart for ein kommune kan hjelpe brukaren til å få betre svar på søk i portalen. Ved søk på ordet ’barnehage’, vil ein emnekart-driven portal kunna seia oss at eit dokument er ei *kjerneside/samleside* som gir dei viktigaste opplysningane knytte til begrepet barnehage, eit anna treff er karakterisert som ein *tenestebeskrivelse* og eit tredje treff viser at emnetypen er *institusjon* (som viser ein oversikt over faktiske barnehagar i kommunen).

Eksempelet under illustrerer korleis eit søkeresultat frå ein emnekart-modellert portal kan sjå ut samanlikna med eit reelt søk på ein ordinær portal i dag:

Eit søk på ordet ’reiseliv’ på www.vestforsk.no (sjå figur på neste side) gir brukaren ei forklaring på søkeresultata som blir returnerte. Portalen ”veit” skilnaden på eit prosjekt, ein person, eit nøkkelord osv. og kan opplysa om det. Då blir det straks enklare for brukaren å tolka resultatet. Ei oppsummering av dei ulike kategoriane i høgremargen lettar også arbeidet med å snevra inn søket dersom dei enkelte treffa ikkje er relevante.

¹² Ontologi er gresk for ”læra om det verande; læra om alle tings vesen og samanheng”. Dette er den filosofiske betydninga; i IT-samanheng meiner vi helst ein omtale av objekt og samanhengen mellom objekta.

Framside | Forskningsområde | Prosjekt | Publikasjoner | Tilsette | Om Vestlandsforskning

Søketekst

reiseliv **Søk**

VISER TREFF 1 TIL 20 AV 31

Tittel	Type
reiseliv it	Nøkkelord
naturbasert reiseliv	Nøkkelord
grønt reiseliv	Nøkkelord
standardisering reiseliv	Nøkkelord
reiseliv miljø	Nøkkelord
småskala reiseliv	Nøkkelord
miljøtilpassa reiseliv	Nøkkelord
berekraftig reiseliv	Nøkkelord
Forskingssenter for geoturisme og berekraftig reiseliv - brosjyre	Aktuelt
Forskingssenter for geoturisme og berekraftig reiseliv	Infotavle
Foredrag om reiseliv og miljø	Aktuelt
Kvalitetsindikatorar for reiselivs-veitene	Prosjekt
Eit miljøtilpassa reiseliv. Ei kartlegging og vurdering av miljømotivert verkemiddelbruk i reiselivet	Prosjekt

Treff i:

- Aktuelt (6)
- Forskningsområde (2)
- Infotavle (1)
- Nøkkelord (8)
- Person (4)
- Prosjekt (10)

Figur 1: Søkebilete henta fra www.vestforsk.no, ein portal med emnekart i botnen (januar 2007)

Det er ikkje emnekart som er det avgjerande her, men at portalen har ein struktur i botnen som gjer at dei ulike delane av portalen, der søk er ein viktig del, kan gjenbruaka opplysningane til å presentera informasjonen på ein betre måte.

I kontrast til dette står mange av dagens kommuneportalar. På overflata ser dei ut til å vera ryddige og godt strukturerte, men eit søk avslører mangelen på ein gjennomgåande struktur i tenesta. Eksempelet under er henta frå den nye portalen til Fjell kommune, men svært mange andre kommunar kunne vore brukte som eksempel.

Figur 2: Framsida til Fjell kommune, januar 2007

The screenshot shows the homepage of Fjell kommune's website. At the top, there is a navigation bar with links to 'Nettkart', 'Postlister', 'Ledig stilling', 'Kart', and 'Kontakt oss'. Below the navigation bar is a banner featuring four images: white flowers, a harbor with boats, a person standing on rocks, and a landscape. A search bar at the top right contains the text 'barnehage' and a magnifying glass icon.

The main content area has three tabs: 'TENESTER' (selected), 'POLITIKK', and 'OM FJELL'. Under 'TENESTER', there is a sidebar with links to various municipal services. The main content area displays search results for 'barnehage'.

Antall treff: 116

Barnehagesjefen - Fjell kommune
...stort mangfold. Informasjon om **barnehageplass** og søknad finn du her.
Barnehagesjef Margun Landro Meir informasjon **Barnehage** oversikt
Skulerute og **planleggingsdagar** Vedtekter for kommunale **barnehager** i
Fjell Kontakt oss - **Barnehagesjefen** Ofte stilte...
100% [Les meir](#)

Barnehage oversikt - Fjell kommune
...Ledig stilling Kart Kontakt oss Ris og ros English Fjell / Om Fjell /
Kommunal verksemd / **Barnehagesjefen** / **Barnehage** oversikt Tenester
Om Fjell Politikk Kommunal verksemd **Barnehagesjefen** Eigedomssjefen
Helsesjefen IKT-sjefen Omsorgssjefen Personalsjefen Plan...
100% [Les meir](#)

Bildøy barnehage - Fjell kommune
...Ledig stilling Kart Kontakt oss Ris og ros English Fjell / Om Fjell /
Kommunal verksemd / **Barnehagesjefen** / **Barnehage** oversikt / Bildøy
barnehage Tenester Om Fjell Politikk Kommunal verksemd
Barnehagesjefen Eigedomssjefen Helsesjefen IKT-sjefen
Omsorgssjefen...
100% [Les meir](#)

Figur 3: Resultatet av søker på ordet 'barnehage'. Fjell kommune sin portal januar 2007.

Det positive inntrykket fra framsida, blir ikkje teke med over i søkefunksjonen. Her er det tydeleg at det ikkje er noko samband mellom strukturen på framsida og søker. Søkefunksjonen ”kjerner ikkje til” tenesteinndelinga til dømes, og den ”veit ikkje” at skilnaden på ein barnehage som institusjon/verksemd, ein barnehage-tilsett og ei stillingsannonse for barnehagepersonell. Så lenge den ikkje kjerner til dei ulike kategoriane eller emnetypane, kan den heller ikkje hjelpe brukaren særleg med tolking og forklaring av treffa.


Denne mangelen på ein berande struktur er eit av dei aller største problema for dagens portalar, enten dei er offentlege eller næringslivsrelaterte.

2.5 Kjernesider som berande idé for portalen

Bak begrepet kjernesider (Halland 2007) ligg ei tenking om at enkelte sider er heilt sentrale og typiske for portalen. For ein kommune vil *tenestene* vera typiske kjernesider. For Vinmonopolet til dømes, vil produkta, symbolisert først og fremst med *flaska*, vera den typiske kjernesida. For ein bank vil *lån*, *sparing*, *korttilbod* vera sentrale tema for kjernesider.

Kjernesider er ein måte å prioritera informasjon og tenester på og å unngå problem som utflytande informasjon, spreidd og isolert informasjon, navigasjonsoverflod og –forvirring med meir. Vi torer då å seia at noko er viktigare enn anna og at det bør få ei spesiell handsaming. ”Alle vegar” bør føra til kjernesidene og det bør vera godt gjennomtenkte vegar vidare frå ei slik kjerneside. I arbeidet med kjernesider er det også viktig å tenkja ut over den enkelte portalen og planleggja korleis kjernesidene også skal nåast *trass* i portalen vår, ikkje *på grunn av*. Spesiell tilrettelegging for søkemotorar vil vera viktig her, men inngangar til kjernesider kan også vera rss-straumar, nyheitsbrev, startsida, menyval, snarvegar m.m.

Arbeid med kjernesider vil også ta vekk litt av den vanlege overfokuseringa på framsida ved at ein startar nede i strukturen og tilrettelegg hovudinnhaldet. Her ligg ein av dei viktigaste gevinstane av å bruka kjerneside som modell: Arbeidet med utvikling av nettstader blir snudd frå ein ”ovanfrå og ned”-modell til ein ”frå innsida og ut”-modell. Svært mange portalprosjekt startar med (endelaus!) diskusjon om utforming av startside og menystruktur og lite vekt på innhaldssidene. Dette er lett å observera på nettet ved at informasjonen blir tynnare og tynnare til lengre bort frå startsida ein kjem. Ein gløymer kjøt på beinet og nettstaden blir som eit nake skjelett.



Figur 4: Skjematisk framstilling av kjerneside (Are Halland, Netlife Research)

Konsentrasjon om kjernesider og kjernetema har også den fordelen at det gjeld alle typar nettstader. Uansett kva nettstaden handlar om, har den eit *kjernetema*, og då bør temaet byggjast opp som ei kjerneside.

Oppsummert vil kjernesider hjelpe oss med:

- å prioritera den viktigaste informasjonen
- unngå overfokus på startside og menyar (”Fighting Front page Focus”)
- informasjonssider som står stødig på eigne bein
- tydeleg merka utgangar og neste steg for brukaren (til skjema, legg i handlekorg osv.)
- viktig informasjon samla ein stad og ikkje spreidd utover nettstaden

3. IT-utviklinga i kommunesektoren

Kapittel 3 er i hovudsak henta frå rapporten "IT-løysingar for kommunesamarbeid i Sogn og Fjordane" (Ølnes et al. 2007). Det skildrar viktige utviklingstrekk på IT-sida i kommunesektoren.

Sjølv om Internett i form av verdsveven (web) berre har vore ein viktig del av IT-utviklinga i kommunesektoren i rundt 10 år, har det vore ei rivande utvikling. Dei første kommunane etablerte eingje nettsider i 1994-1995 og i dag (2007) er alle norske kommunar på nettet med eigne portalar, om enn av sterkt varierande kvalitet. Det har sjølvsagt skjedd mykje anna viktig på IT-sida i kommunane, men det er Internett-utviklinga og endringane i kommunikasjonsteknologien som har vore det heilt dominerande temaet det siste tiåret.

3.1 IT-utviklinga generelt i kommunesektoren

På maskin- og kommunikasjonssida har utviklinga i kommunesektoren følgt den generelle IKT-utviklinga. Stor- og minimaskinbaserte system vart i stor grad erstatta av pc-baserte systemløysingar frå slutten av 1980-talet og utover 90-talet. Systemløysingane vart endra frå program kørde på stormaskin og databehandling på (dumme) terminalar, til klient-servar-teknologi der stormaskina vart erstatta med pc-servar, eksterne linjer med lokalnett og dumme terminalar med intelligente terminalar i form av pc-ar. Mykje av datakrafta vart desentralisert til klientane. Enkelt sagt var det slanking sentralt og vektauke lokalt.

Ekstern kommunikasjon, og intern kommunikasjon mellom ulike kommunale einingar, var svært dyrt fram til tusenårsskiftet. De-reguleringa av telemarknaden starta i første halvdel av 1990-talet og effektane av denne kom for fullt 5-6 år etter. Kommunikasjonsløysingane kostar i dag ein brøkdel av kva dei gjorde for 10 år sidan, og kapasiteten er mangedobla.

Breibandutviklinga tok for alvor fart rundt år 2000, og i fylket vårt har Breibandforum under IT-forum Sogn og Fjordane vore ei viktig drivkraft og koordinerande organ for utviklinga. Gjennom Breibandforum har fylket organisert mange søknadar og fått relativt stor utteljing i infrastrukturprogrammet Høykom. Dei mange utbyggingsprosjekta har gjort at dekningsgraden for breiband (etter ADSL-standard) no er på godt over 90 %. Alle skular i fylket har breibandtilgang, og dei siste grendelaga er i ferd med å få breibandtilbod.

I den siste utviklingsbølgja har utviklinga gått mot bruk av tynnare klientar og kraftigare servar-utstyr. Klientane må på slankekur og prosesseringa må i større grad samlast sentralt. Det er særleg omsynet til driftskostnader som driv utviklinga i den retninga. Tjukke klientar med stor grad av prosessering lokalt, og stor fridom i oppsett m.m. for saksbehandlarar, har vist seg å vera svært driftskrevjande. Den store utfordringa for dagens driftsansvarlege, både i kommunesektoren og andre stader, er å få til gode driftsrutinar der berbare pc-ar i stor grad erstattar stasjonære. Utfordringa er å unngå dei tidlegare problema med tjukke klientar.

På programvaresida har kommunane vore gjennom store endringar, og dei må førebu seg på at slike endringar blir regelen og ikkje unnataket! Utviklingstakten på programvare har gått om muleg endå raskare enn maskinvare-teknologien, og det er gjennombrotet til Internett, og særleg verdsveven (web-en) som er hovudgrunnen. Mange kommunar er midt oppe i eit plattformskifte der tradisjonelle klient-servar-løysingar blir erstatta med nettbaserte løysingar

innafor ein tenesteorientert arkitektur¹³ (SOA – Service-oriented architecture). Sak- og arkivsystem er sjølve hjartet i ein kommunal organisasjon og systemet dei siste åra har fått den plassen det fortener: Sentralt i kommunen som sjølve navet i informasjonsstraumen. Arkiv er ein av dei få områda der det er lovpålagde krav til ei offentleg verksemد. I dag er det knapt nokon kommune som ikkje har elektronisk arkivløsing på eit eller anna nivå.

Informasjonsutveksling i kommunen må starta med integrasjon mot sak- og arkivsystemet. Alle fagprogramma er avhengige av å levera data til sak- og arkivsystemet, og data blir også sende tilbake til fagprogramma.

3.2 Utviklingstrekk for Internett-tilpassinga i kommunesektoren

Møta med leverandørane i samband med innkjøpet av sak-/arkivsystem og portalløsing i 2006 viste godt kva som rører seg i marknaden og kva som er dei dominante trendane. Ut frå informasjon om pågående prosjekt, referansar osv. og kombinert med kjennskap elles til utviklinga i kommunesektoren, kan følgjande utviklingstrinn skisserast:

1. Første generasjons kommunesider: Informasjon ut på nettet - same korleis

Internett som informasjonskanal vart aktuell for norske kommunar frå midten av 1990-talet og utover. Storparten av kommunane hadde etablert eigen nettstader då det nye årtusenet starta. Etter KS si tilråding frå 1996/97, brukte dei aller fleste domenenamn av typen www.<kommunenamn>.kommune.no. Dei første kommune-nettsidene var enkle informasjonssider som ikkje var knytte til interne fagsystem. "Brosjyre" på nett kan vera stikkordet for denne generasjonen.

2. Andre generasjon: Kommunen som nyheitsprodusent

Andre generasjons kommuneportalar har vore prega av publisering og nyheiter i sentrum, i tillegg ein vegsoverføring av informasjon frå sak- og arkivsystem. Dette har vore den rådande modellen for kommunale nettsider dei siste 4-5 åra. Dei fleste kommunale portalane er bygde opp på denne måten i dag, og det er nyheiter som får mest merksemd på startsida, til fordel for tenestene. Det er nettavisene som har stått modell her.

3. Tredje generasjon: Tilbake til kjerneområda – tenestene i sentrum

I den generasjonen vi er på veg inn i blir nyheitspreget blir dempa og tovegs-kommunikasjon med innbyggjarane styrka. Sak- og arkivsystemet blir sentralt i datafangst og dataleveranse. Data frå skjema kjem inn i fagapplikasjonen og blir så levert til arkivsystemet; sjølvbetjening er heilt sentralt.

Det kan verka som det er ei brytingstid for kommunane, og trenden frå nyheitsfokus til å setja tema og tenester i sentrum synest klar. Dei aller fleste nylanserte communeportalane det siste året har hatt eit klart teneste- og oppgåvefokus, og nyheitspreget er heilt klart dempa. Tredje generasjons communeportalar har digital sjølvbetjening og nettbanken som førebilete.

¹³ Det finst ikkje nokon presis definisjon av tenesteorientert arkitektur, men som namnet seier, er tenesteorientering sentralt. Tenestene blir det sentrale og arkitekturen skal støtta dei. Eit anna sentralt element i ein tenesteorientert arkitektur er den lause kopplinga mellom tenestene, i motsetnad til klient-servar-modellen med svært faste og strenge koplingar. Sentralt i SOA er at ressursar blir gjort tilgjengelege som uavhengige tenester i eit nettverk. Eit anna viktig moment med SOA er gjenbruk; gamle løysingar må ikkje kastast ut, men kan tilby ressursane sine til andre program gjennom tenester presenter i ein tenesteorientert arkitektur.

Dersom vi tenkjer utvikling i forhold til tenestetrapa, ser vi ei utvikling til trinn 3 og 4. Då brukar eg definisjonen som seier at trinn 4 er fullført elektronisk saksbehandling, enten det skjer innan eigen organisasjon eller i samarbeid med andre.

Utviklinga frå nyheiter til tema/tenester er bra fordi den markerer at kommunane går tilbake til kjerneområda. Innføring av generelle portal- og publiseringssystem, som har eit veldig fokus på nyheiter, må ta mykje av skulda for det sterke nyheitspreget. Desse systema har eit nokså einsidig fokus på nyheiter og behandlar all publisering på denne måten (overskrift, ingress, brødtekst). Ordtaket "When all you have is a hammer, everything looks like a nail" passar her: Når systemet er så innstilt på nyheitsmetaforen, ser plutseleg alt ut som nyheiter.

Framheving av tenester passar godt saman med det tidlegare omtala begrepet *kjernesider*. Det er lettare å byggja kjernesider rundt tema/tenester enn rundt nyheiter.

Men å løfta fram tenester gir nye utfordringar, ikkje minst når det gjeld strukturering og samanheng i informasjonsmengda. Her kan heldigvis kommunane få ein god del gratis hjelp i form av systemet *Los* som Norge.no no snart lanserer.

3.3 eKommune 2009 – det digitale spranget

Kommune-Norge sitt svar på eNorge 2009 er *eKommune 2009* (KS 2005). Det er ein plan med nokså djerve målsetjingar med satsing på tenestetilbod på nettet som eit hovudmål. Det er sjølvbetjeningsstanken som rår og det blir vist til at innbyggjarane er klare og at det er mest opp til kommunane å møta etterspurnaden etter elektroniske tenester. I tillegg blir informasjonsplikt og demokratisk dialog framheva.

Planen inneholder ein del konkrete målsetjingar og her er eit utval av målsetjingane som gjeld tilbod av elektroniske tenester via nettet:

1. Alle kommunale og fylkeskommunale nettstader skal oppfylla Norge.no sine kvalitetskriterium [for tilgjengelegheit]
2. I løpet av 2007 skal alle kommunale og fylkeskommunale interaktive tenester mot innbyggjarar og næringsliv byggja på eit felle offentleg grensesnitt [skjemagrensesnitt]
3. Innbyggjarar og næringsliv skal ha tilbod om gode interaktive tenester, og for dei viktigaste tenestene skal i det løpet av 2009 vera 75 % av brukarane som nyttar dei digitale alternativa
4. I løpet av 2008 skal 80 % av brukarane vera nøgde eller godt nøgde med dei elektroniske tenestene i kommunen/fylkeskommunen [KS vil her utvikla ein rettleiar for måling]
5. Alle kommunar og fylkeskommunar som tilbyr tenester gjennom eigne portalar skal ha gjennomført risikoanalysar i forhold til personvern i løpet av 2006.

3.4 eNorge 2009 og "Eit informasjonssamfunn for alle"

eKommune 2009 er, som nemnt over, kommunane sitt svar på eNorge 2009 og er den operative delen av IT-politikken. Den overgripande politikken og visjonane er nedfelte i stortingsmelding 17 (Fornyings- og administrasjonsdepartementet 2006) *Eit informasjonssamfunn for alle*. Meldinga peiker mellom anna på universell utforming og tilgang som eit viktig område. Tilgjengelegheit på nettet er eit tema som må takast på største alvor. Det er eit tema som ikkje forsvinn, men som det tvert om vil bli forsterka sokjelys på og krav til. Kommunane bør først som sist gå gjennom eigne nettløysingar og kontrollera at i alle fall krava i Norge.no sine *kvalitetsindikatorar* blir oppfylte.

Døgnopen forvaltning er relansert som slagord for nettsatsinga i offentleg sektor. Omgrepet vart introdusert av Stoltenberg I-regjeringa og kjem altså att. Den beste måten å tolka visjonen på er å arbeida for ein stadig større grad av sjølvbetjing for innbyggjarane. *Digital sjølvbetjing* er dessutan eit betre omgrep enn *elektroniske tenester* som har for mange innebygde språkproblem ved seg. Er til dømes søknad om barnehageplass *ei teneste*? Eller er det heller den fysiske barnehagen med bygning, personell og uteareal som er sjølve tenesta? Når vi går meir og meir i retning av semantisk rikare informasjon på nettet, kjem vil til å få store problem dersom vi ikkje er nøyaktige med språkbruken og terminologien.

Dei føreslegne tiltaka i stortingsmeldinga som får mest direkte verknad for kommunesektoren, er:

- styrking av bibliotek og andre offentlege rom med IT-utstyr (tiltak 4.2)
- satsing på IT i skulen; FEIDE¹⁴ skal innførast som identifikasjonssystem i grunnopplæringa (tiltak 4.3)
- universelt utforma offentlege elektroniske tenester; det kan bli lovpålagt å syta for dette (tiltak 4.5)
- informasjon gitt til skular, foreldre, unge og forbrukarar skal koordinerast betre (tiltak 4.10)
- kvar einskild verksemd/sektor må gjera relevante tenester tilgjengelege via portalane Miside og Altinn (tiltak 7.1)
- det skal utarbeidast ein referansekatatalog for tilrådde og obligatoriske forvaltningsstandardar innafor IT (tiltak 7.5)
- det skal vurderast å etablera (IT-) felleskomponentar for offentleg sektor (tiltak 7.6)
- det skal leggjast til rette for meir bruk av programvare basert på open kjeldekode i offentleg forvaltning (tiltak 7.10 og 7.11)


3.5 BEST og EKIT

BEST

BEST står for *Betre Elektronisk Samhandling og Tenester* og er eit prosjekt Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gjennomfører med finansiering av HØYKOM-programmet og FAD. Prosjektet har fleire målsetjingar, men mest interessant for kommunesektoren er utviklinga ein standard for meldingsutveksling mellom offentlege arkivsystem.

Følgjande illustrasjon illustrerer behovet prosjektet adresserer, der kommune A sender eit brev til kommune B (kommune B kan vera ei vilkårleg offentleg verksemd):

¹⁴ FEIDE = Felles elektronisk identifikasjon; eit prosjekt leia av Uninett for utarbeiding av ein felles arkitektur for elektronisk identifikasjon i høgre utdanning. Sjå meir om prosjektet på www.feide.no.



Figur 5: Saksflyt ved utveksling av saksinformasjon mellom offentlege verksemder slik det fungerer i dag

Informasjonsflyten er slik:

1. Kommune A skriv eit brev og registererer det i eige arkivsystem (eventuelt tek utskrift frå ei sak som ligg i eige arkivsystem)
2. Brevet blir skrive ut på skrivar og lagt i konvolutt
3. Posten brukar i gjennomsnitt 4 dagar på å frakta brevet til kommune B
4. Kommune B registerer brevet i sitt arkivsystem, stort sett identiske opplysningar som det kommune A har i registrert i sitt system.

Kommunane A og B har felles organisering av IT-drift og brukar same sak- og arkivsystem. Brevet startar og sluttar difor frå same servar og same system, som teknisk sett er to instansar av av systemet. Brevet blir likevel sendt ut på ein fleire dagars rundtur og skanna og registrert på nytt. Stort sett same biletet ville ein fått om det var fylkeskommune, fylkesmann eller annan offentleg organisasjon som mottakar eller avsendar.

Behovet for ei løysing som kan kutta den analoge omvegen er nokså innlysende og er ei av målsetjingane med BEST¹⁵. Standarden for meldingsutveksling mellom offentlege sak-/arkivsystem blir utvikla i tett dialog med leverandørane og med Riksarkivet. Av leverandørar er det både dei som leverer sak- og arkivsystem til kommunenesektoren og dei som leverer integrasjonsprogramvare (mellomvare) for sjølvé meldingsutvekslinga.

Teknisk sett baserer meldingsutvekslinga seg på standarden ebXML¹⁶ kombinert med PKI. Løysingsforslaget (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2007) er under utprøving og skal vera klar til å takast i bruk i løpet av 2007. Prosjektet sluttar 31.12.2007.

Eit sentralt bindemiddel i meldingsutvekslinga er Noark-standarden. Det er standarden for offentlege arkivsystem og den gjer at ein opererer i eit frå før nokså standardisert systemmiljø. At det finst ein standard for arkivsystem gjer at arbeidet med meldingsutveksling blir mykje


¹⁵ Dei to andre delprosjekta under BEST er elektronisk løysing for tenesta *Fri rettshjelp* og elektroniske løysingar for tilskotsforvaltning.

¹⁶ ebXML står for Electronic Business using XML og er eit påbygg på XML-standarden spesielt for utveksling av meldingar i forretningsprosessar. Standarden er definert som eit sett spesifikasjonar under ISO 15000 og blir vedlikehalden av leverandørkonsortiet OASIS (teknisk infrastruktur) og FN-organet UN/CEFACT (innhaltsdel).

lettare. Det kan vera på sin plass å peika på helsesektoren og integrasjonen mellom pasient-journalsystem (EPJ) for å sjå kor viktig det er med standardisering av dei viktigaste systema. Helsesektoren har mykje større problem med å få til saumlaus integrasjon mellom sine system fordi mykje av standardiseringa manglar i utgangspunktet.

Dersom standarden for meldingsutveksling blir sett i drift og prøvt ut i større skala og etter kvart gjort tilgjengeleg for alle kundar, vil det kunna ha store verknader for kommunane. Det ligg eit stort potensiale i innsparing ved å nytta denne utvekslingsmetoden. Innsparinga ligg både i saksbehandlingstid med oversending på sekundar i motsetnad til fleire dagar i dag, og i frigjering av ressursar ved at ein slepp å registrera offentlege dokument på nytt.

Eit av dei store hindra for oppskalering av BEST-løysinga er administrativ handtering av verksemdbertifikat. Situasjonen er på mange måtar som ved innføringa av telefaksen i si tid: Den var ei stort framsteg, men føresette at mottakar hadde telefaks og at du kjende telefonnummeret. I ein prøveperiode fungerer det sjølvsagt greitt med bilateral handtering av sertifikat, men i ein driftssituasjon er det behov for ei katalogteneste som kan automatisera dette arbeidet.



Figur 6: Elektronisk dokumentutveksling med ebXML (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane)

EKIT

Eit liknande prosjekt som BEST er EKIT-prosjektet frå *Det Digitale Trøndelag*. Prosjektet tek mål av seg til å løysa ei liknande utfordring som BEST, men har valt ein annan innfallsinkel. EKIT handterer klager for byggjesaker, reguleringsplanar og plansaker på høyring og gir Fylkesmannen innsynsrett i det kommunale arkivsystemet. Klagesaka blir altså ikkje sendt over til Fylkesmannen, men Fylkesmannen får ein innsynsrett i arkivsystemet og kan lesa saka direkte.

I utgangspunktet kan det sjå ut som Det Digitale Trøndelag har valt den mest innovative løysinga ved faktisk å kutta ut delar av dagens rutinar og erstatta dei med nye. Det er likevel nokre uavklarte spørsmål i samband med EKIT-løysinga:

- Er denne løysinga i samsvar med arkivlova, arkivforskriftene og Riksarkivaren sine føresegner om offentlege arkiv¹⁷?
- Kva med den ekstra administrative byrden som kan bli lagt på kommunane ved denne løysingar ved at dei må administrera eit stort tal eksterne brukarar?

Men sjølv om BEST og EKIT kan sjå ut som konkurrerande prosjekt, er dei heller utfyllande til kvarandre. Også EKIT er avhengig av å handtera formelle førespurnader kring ei klagesak, og ein elektronisk kommunikasjon mellom dei to involverte verksemndene er nødvendig.

Kort oppsummert kan vi seia at BEST er ei uavhengig løysing som fungerer på eiga hand og som ikkje inneber problem i høve arkivlov og -forskrift fordi saksflyten er som i dag. EKIT er på den andre sida avhengig av ei BEST-liknande løysing fordi det i alle tilfelle må gå ut brev eller melding frå kommunen og denne må arkivførast på vanleg måte.

3.6 KS-prosjektet "Tenester på nett – frå pilot til produksjon"

Prosjektet "Tenester på nett – frå pilot til produksjon" er delfinansiert av Høykom-programmet og har KS som eigar. Ei rekke kommunar (over 40 i talet) er med i prosjektet. Prosjektet er inspirert av følgjande målsetjing i eNorge 2009:

"I løpet av 2009 skal alle relevante interaktive tjenester som har innbyggerne som målgruppe, være tilgjengelige gjennom innbyggerportalen MinSide."

Prosjektet skal sikra at kommunane klarer å oppfylla denne målsetjinga. Prosjektet er delt opp i følgjande delprosjekt:

- Skjema og integrerte tenester ("KS skjema-XML")
- Standardisering og leverandørpermangfald
- Kompetanseneste (i hovudsak portalen www.ksikt-forum.no)
- Etablering av regionalt støtteapparat
- Digitalt tenestetilbod – organisasjonsutviklingsprosjekt og gevinstrealisering

Av desse er det særleg dei to første delprosjekta som mest interessant for denne rapporten. Særleg går delprosjekt to med standardisering og leverandørpermangfald rett inn i problemstillinga for denne utgreiinga.

Skjema og intergrerte tenester (KS Skjema-XML) er KS sitt arbeid for å standardisera skjemautforming og slik gi grunnlag for gjenbruk i mange kommunar. KS utformar forslag til skjema og tilbyr dei som opne xml-format. Leverandørane står fritt til å bruka desse i eigne skjemamotorar. Det er gjort ei skilje mellom standardiseringsarbeidet, som skal føregå i KS, og forretningsdelen som Kommuneforlaget tek seg av saman med firmaet eKoR som Kommuneforlaget også er medeigar i (og KS eig igjen Kommuneforlaget).

¹⁷ Jfr. LOV 1992-12-04 nr 126 Lov om arkiv-filer med forskrift FOR 1998-12-11 nr 1193 Forskrift om offentlege arkiv-filer

Det har vore retta ein del kritikk mot KS for mangelen på skilje mellom standardiseringsarbeid og forretningsdrift. Det har tvinga fram ei klarare deling av desse oppgåvene.

Standardisering og leverandørmanngfald er eit delprosjekt som tek mål av seg til å spreia bruken av KS Skjema-XML saman med Noark4 Web Services (Noark4 WS). Det er grunnleggjande byggjesteinar i arbeidet for ei leverandøruavhengig informasjonsutveksling og den går rett inn i problemstillinga for dette utgreiingsarbeidet.

3.7 Noark-4, Noark-4 WS og Noark

Noark-4

Noark-4 er fjerde og gjeldande versjon av den statlege standarden for elektroniske arkiv. Noark-4 definerer eit sett med krav for oppfylling av elektronisk arkivhandtering. Den vidarefører også krava i Koark, den kommunale parallellell til Noark. Den største skilnaden mellom Noark-4 og tidlegare versjonar av arkivstandarden er at den siste versjonen innfører fullstendig elektronisk arkivhandtering med mellom anna integrasjon mot elektronisk saksbehandling, integrasjon mot e-post og digital arkivlagring (både inngående og utgående korrespondanse).

Riksarkivet har laga eit godkjenningsopplegg for arkivsystem tilpassa Noark-4. I tillegg til ei eigenerklæring må leverandørane også visa fram og demonstrera at funksjonaliteten i arkivsystemet tilfredsstiller krava¹⁸.

Noark-4 Web Services

I 2005 vart det sett i gang eit arbeid for å standardisera den elektroniske kommunikasjonen med arkivsystem. KS leia arbeidet der også Riksarkivaren deltok saman med sentrale leverandørar av arkivsystem. Prosjektet var praktisk retta i den forstand at ein sentral del av arbeidet var konkret utprøving av dei definerte web service-ane. Den definerte standarden, Noark-4 Web Services, er dokumentert både som rapport (Riksarkivet 2006) og som elektroniske web services med tilhøyrande formalisert forklaring gjennom ein WSDL (Web Services Description Language) på www.arkivverket.no. Den kan sjåast på som eit tillegg til Noark-standarden.

Viktige avgrensingar som vart gjorde i arbeidet er mellom anna:

- Det er berre definert web services for å arkivera nye data og for å henta ut data igjen. Det finst ikkje tenester for å oppdatera data.
- Sikkerheit blir ivaretake utanfor definerte web services
- Felt som er vurderte som unødvendige for fagsystema (t.d. utlån), er ikkje tekne med

Desse web service-ane er definerte i Noark-4 WS:

- GetNoarkSak: Returnerer ei sak frå arkivsystemet
- PutNoarkSak: Arkiverer ei sak i arkivsystemet
- GetJournpost: Returnerer journalpostar frå arkivsystemet
- PutJournpost: Arkiverer ein journalpost i arkivsystemet

Eit viktig føremål med Noark-4 WS har vore å løysa opp i den sterke leverandørbindinga som har vore på mellom arkiv- og fagsystem. Det har ikkje vore lett for andre å kommunisera med

¹⁸ Riksarkivet har ei oppdatert oversikt over godkjende Noark-4-arkivsystem på nettsidene sine (<http://www.riksarkivet.no/arkivverket/lever/elarkiv/noark-4/systemer.html>)

arkivsystemet. I Noark-4 WS-prosjektet vart leverandørane utfordra til å implementera Noark-4 Web Services for å få konkret test av standarden. Dessverre vart ikkje leverandørane utfordra til å kommunisera med andre leverandørar sine arkivsystem, berre eigne system, og dermed har er ein viktig del av målsetjinga ikkje prøvd ut grundig nok. Det er også ei medverkande årsak til at Noark-4 WS så langt ikkje har vorte teke i bruk i nemneverdig grad.

Dei største utfordingane med Noark-4 WS kan oppsummerast i (Riksarkivet 2007):

- stort sett bilaterale (1-til-1) integrasjonar
- stadig (for) leverandøravhengige
- kostbar utvikling, for lite gjenbruk

Noark 5

Den største skilnaden på Noark-4 og Noark-5 blir skiljet mellom saksbehandlingssystem og arkivsystem og at arkivet skal omfatta *alt* arkivverdig materiale. Noark-5 kan karakteriserast som ”tilbake til kjerneverksemda” og kjerneverksemda er her arkivdokument med metadata innafor ein definert struktur (Riksarkivet 2007).

Noark-5 blir mindre detaljert i høve spesifikasjonar; standarden vil fokusera på *kva* og ikkje på *korleis*. Det blir meir opp til leverandørane å bestemma korleis basiskrava i Noark-5 skal oppfyllast, det blir ikkje gitt ei detaljert oppskrift som i Noark-4. Noark-5 vil såleis ikkje definera krava til eit system, men vil kunna leggja til rette for fleire typar løysingar.

Noark-5 vil stilla krav til

- arkivstruktur
- metadata
- funksjonalitet

Sikring av elektronisk kommunikasjon

	Innhold med kjent form og struktur	Innhold med ukjent form og struktur
Kjente aktører	Bilaterale avtaler evt. også felles programvare o.l.	Manuelle rutiner Lave krav til sikkerhet i kommunikasjonen
Ukjente aktører	Helhetlige rammeverk for kommunikasjon eks. Web-services ebXML o.l.	Manuelle rutiner Høye krav til sikkerhet i kommunikasjonen



18

Figur 7: Ulike kommunikasjonsalternativ (vist av Riksarkivet i samband med presentasjon av Noark-5)

Etter planen skal Noark-5 vera ferdig utvikla i løpet 2007.


3.8 Los

Los er inga forkorting, men eit namn som symboliserer navigasjonshjelp. Brukarane skal få hjelp til å finna fram til rett teneste og få nødvendig informasjon om denne tenesta. Los integrerer informasjon og tenester frå tre nivå:

1. Stat
2. Regionalt nivå (fylkesmann, fylkeskommune, større regionar på lengre sikt)
3. Kommunalt nivå (kommunen eller ei gruppe samarbeidskommunar)

Teknisk sett kan Los sjåast på som ein database med kartotekkort (= metadata). Kvart kartotekkort omtalar eit dokument på nettet og gir ein referanse til dette gjennom ein URL.

Den sentrale delen av Los er *emneorda*. Det er ord som karakteriserer vanlege tenester som barnehageplass, trygdebustad, flyttemelding osv. I første versjon av Los er det bortimot 400 emneord. For lettare å finna fram til rett emneord, er det laga ein navigasjonsstruktur på to nivå over emneorda. Men eit emneord kan gjerne høyra til fleire stader i strukturen og emenordlista er slik sett frikopla frå navigasjonsstrukturen.



første nivået er det eit nivå som spesifiserer kva type tenester det er snakk om. Under hovudkategorien ”Arbeid” finst for eksempel underkategoriane ”Arbeidsliv”, ”Arbeidssøking og rekruttering”, ”Inntekt” og ”Permisjonsordningar”.

Det øvste nivået av navigasjonsstrukturen er hovudkategoriane. Følgjande hovudkategoriar er definerte i denne Los-versjonen:

1. Arbeid	8. Natur og miljø
2. Barn og familie	9. Næring
3. Bustad og eigedom	10. Omsorg, trygd og sosiale tenester
4. Forbrukarspørsmål	11. Retslege spørsmål
5. Helse	12. Skattar og avgifter
6. Individ og samfunn	13. Skule og utdanning
7. Kultur og fritid	14. Trafikk og samferdsel

Prinsippa for organisering av informasjon i Los er omtala i rapporten *Nye LivsIT - Forslag til informasjonsstruktur for LivsIT* (Ølnes 2005).

3.9 Kva er ei teneste?

I KS-prosjektet ”Tenester på nett – frå pilot til produksjon” er det snakk om å ”få tenester på nett” – altså digitalisering av tenester. Mange andre snakkar også om tenester og tenester på nett (ikkje minst innbyggjarportalen *Miside*). Men er det tenestene som blir digitaliserte? Kva er eigentleg ei tenete?

For offentleg forvaltning er ”tenester på nett” eller ”elektroniske tenester” den store satsinga. Alle snakkar om å tilby ”fleire tenester på nett”, men er det tenester dei snakkar om? Dersom du kan søkja barnehageplass via eit nettskjema, er då barnehagen vorten ei elektronisk teneste? Har du ei elektronisk teneste når du legg til rette for søknad om omsorgsbustad via portalen din? Heimehjelp kan aldri bli ei elektronisk teneste med mindre de blir utført av robotar. Er så *registereteneste* i Miside ei teneste eller er det rett og slett eit databaseoppslag? Det er vel helst det siste.

Dersom ambisiøse målsetjingar om e-forvaltning og utveksling av informasjon på tvers av verksemder skal oppnåast, kjem vi ikkje utanom ei sterkare satsing på ein semantisk vev¹⁹. Det vil seia vi må utstyra informasjonsressursane våre med tilleggsinformasjon henta frå eit felles begrepsapparat. Dersom vi er upresise med begrepa, slik som ”elektroniske tenester”, blir det fort problem.

Datamaskiner er ikkje så forståingsfulle som menneske; dei gjer berre det dei blir bedne om og tek alt, absolutt alt, bokstaveleg. Den semantiske veven blir laga for datamaskinene, ikkje for oss, og det er det mange som ikkje har fått med seg. Den semantiske veven skal gjera maskinene i nettet i stand til å behandla informasjon (gjennom nettsider) på ein meir intelligent måte og slik sett avlasta oss sjølve for ein del arbeid. Men dersom vi skal lykkast med det, må vi vera pinleg nøyaktige med bruken av ord.

¹⁹ Semantisk vev (Semantic web): av gresk ”betydning av ord”. Det er nettressursar (nettsider) som blir utstyrt med tilleggsinformasjon (= metadata) for at maskinene skal kunna handtera dei på ein betre måte.

Statskonsult utarbeidde i 2002 rapporten "Til teneste" (Statskonsult 2002) for å gi offentlege tenesteytarar ein mal for å beskriva publikumsretta tenester. Malen har seinare vorte grunnlag for m.a. *Nasjonal tenestekatalog* frå Kommuneforlaget og har vore mykje brukt i samband med etablering av servicetorg rundt om i kommunane.

Rettleiaren frå Statskonsult definerer dei ulike omgrepa som er brukte, men akkurat ordet *teneste* har dei unngått å definera. Dei drøftar likevel avgrensingar for kva som skal oppfattast som ei teneste og konkluderer med

... det er dei *lovpålagde* tenestene og dei områda der ein må *søkje* for å få utført eller motta ei teneste. [deira uthavingar]

Med lovpålagde meiner dei tenester som har heimelsgrunnlag i lover eller forskrifter.

I VF-rapporten "Konstruksjon av informasjonsstruktur for tematisk avgrensa informasjonsdomene" (Aaberge 2006), frå eit Høykom-prosjekt, er ulike rollar til ein kommune skildra slik:

Kommunen *yter* barnevernstenester
Kommunen *lagar* reguleringsplan
Kommunen *gir* byggeløyve
Kommunen *yter* sosialstønad
Kommunen *driv* skatteinnkrevjing
Kommunen *fører* branntilsyn

Arbeidet vart gjort saman med representantar for Nordfjord-kommunane Gloppen og Stryn. Den illustrerer også problemet med å kalla alt tenester.

I utviklinga av det nye *Los*, eit vegvisarsystem til offentlege tenester, har diskusjonen om kva tenesteomgrepet omfattar, vore viktig. *Los* er eit omgrevsapparat for offentlege tenester i form av ei emneordliste (Ølnes 2005). Norge.no har ansvaret for utviklinga av det nye systemet og Bergen kommune har vore ein av samarbeidspartane og pilotbrukar. Utvekslinga av informasjon frå Norge.no sitt *Los*-system og Bergen kommune sin nye portal skjer ved hjelp av eit emnekart-format²⁰ og då informasjon frå *Los* skulle flettast saman med emnekart-informasjon frå Bergen kommune, vart det oppdaga at omgrepet 'teneste' var brukt ulikt i dei to systema. Det medførte ein ny runde med harmonisering og klargjering av omgrep og viste kor viktig dette er i den utvikling vi står framfor i e-forvaltningssamanhang.

²⁰ Emnekart (*Topic Maps*) er ein standard (ISO 13250) for kunnskapsorganisering (semantisk vev)

4. Utgangspunktet for kommunane

4.1 Kvalitet 2006

Kvalitet 2006 vart gjennomført hausten 2006 og meir enn 700 offentlege verksemder vart evaluerte. Indikatorane var med små unnatak dei same som for 2005, men i vurderingane vart det lagt opp til ei strengare linje. Norge.no har hovudansvaret for kvalitetsvurderingane og har hatt hjelp av Vestlandsforsking og rådgivingsfirmaet Aletheia v/Egil Jacobsen.

Indikatorsettet er delt i tre hovedgrupper av indikatorar:

1. Tilgjengeleg for alle (eit utval av kriterium definerte av W3C gjennom WAI-initiativet)
2. Brukartilpassing (i stor grad brukargrensesnitt og brukardialog)
3. Nyttig innhald

4.2 Kan kvalitet målast?

Det er sjølve tusenkroners-spørsmålet. Fordi kvalitet er eit vanskeleg begrep og vanskeleg å måla, har vurderingar ein tendens til å bli overflatiske og til å retta seg mot kvantitative storleikar. For nettsider er teknisk funksjonalitet noko som er relativt lett å vurdera, og indikatorsettet kan difor få ei slagside i forhold til teknologi. Visse sider av brukargrensesnitt og brukardialog kan også vurderast godt ved hjelp av indikatorar.

Den vanskelege delen er kvaliteten på sjølve innhaldet. I tolkinga av resultata er det difor viktig å ha klart for seg kva som blir målt, og kva som ikkje blir målt (eller som ikkje blir målt like godt).

Bo Dahlbom definerer (system-)kvalitet på denne måten (Dahlbom og Mathiassen 1993):

- eit system sin evne til å tilfredsstilla behov, forventningar og krav
- høvet mellom forventa og erfart ytelse eller utbyte av eit system

Denne definisjonen ser på måling av skilnaden mellom spesifikasjonar (kravspesifikasjonar til eit system) og erfart kvalitet slik brukarane opplever det.

ISO-9000 (ISO-8402) definerer kvalitet på denne måten:

- *Quality is defined as the total sum of properties a unit carries and that concerns its ability to satisfy explicitly expressed or implied needs*

Sjølv om dette er ein mykje brukt definisjon, er den som dei fleste ISO-standardane svært retta mot prosessar og evaluering og kvalitetssikring av desse. Ein liknande definisjon har likevel vore brukt i samband med kvalitetsevalueringane av offentlege nettsider:

“Kvaliteten på nettsider er i dette prosjektet definert som at offentleg informasjon og tenester på nettet må tilfredsstilla ein viss (førehandsdefinert) standard eller nivå som uttrykk for sentrale brukarbehov”

4.3 Tolking av resultata

Når resultata av vurderingane for ein kommune skal tolkast, er det viktig å ha forklaringane til indikatorane i bakhovudet. Enkeltindikatorane og totalresultatet kan berre gi ein peikepinn på kva som er bra og därleg på ein nettstad, det må vera opp til portaleigaren å bedømma om dette er viktig eller om det er ein god grunn til at akkurat den indikatoren ikkje er oppfylt. Men det er uansett slik at på området *Tilgjengeleghet* er det universelt samstemde krav frå W3C som *må* oppfyllast. Her kan ikkje kommunen bortforklara eit därleg resultat.

Det er heller ikkje slik at ein nettstad som får mange stjerne av Norge.no automatisk er god. Det er ikkje gjort noka brukarundersøking av nettstadane, berre ei ekspertevaluering på rundt ein time.

Målsetjinga for dei nye SYS-portalane bør vera **minimum 5 stjerner** i neste kvalitetsvurdering. Det er også slått fast i målsetjingane for portalane attgjevne i kapittel 5. På same tid må kommunane ta inn over seg at ei god vurdering i kvalitetsundersøkingane er nødvendig, men ikkje tilstrekkeleg.

4.4 Resultata for SYS-kommunane

Tabell 1: Resultat av Kvalitet 2006 for Sunnfjordkommunane

Kommune	Tilgjenge	Brukartilp.	Innhald	Totalt %	Totalt	Kommentar
Askvoll	52%	32%	11%	30%	★★	Nesten fri for innhald
Fjaler	43%	32%	21%	31%	★★	Same som Askvoll/HAFS
Førde	52%	53%	68%	57%	★★★	Bra på innhald, därleg på tilgj.h. og brukartilpassing
Gaular	62%	42%	36%	45%	★★★	God på tilgj.h. (enkle sider), därleg på brukartilp. og innhald
Gulen	43%	39%	14%	32%	★★	Sjå HAFS-omtale
Hyllestad	43%	45%	21%	37%	★★	Sjå HAFS-omtale
Høyanger	71%	76%	86%	78%	★★★★★	God på det meste, har ei moderne portalløysing (ePort)
Jølster	76%	68%	54%	66%	★★★★	Kjem godt ut særleg pga. tilgj.h. og brukartilpassing – skuldast svært enkel teknologi
Naustdal	76%	37%	25%	43%	★★★	Svært enkle sider som gir god utteljing på tilgj.h., magert innhald.
Solund	86%	58%	61%	66%	★★★★	Solund får godt betalt for ein ”profesjonal” portal. Lite innhald
Gj.snitt S. & Fj.	66%	57%	51%	58%	★★★	Ein god 3-ar (Førde kommune ligg på gjennomsnittet totalt)
Landsgj.snitt	67%	57%	54%	58%	★★★	Sogn og Fj. ligg om lag likt med landsgjennomsnittet

Resultata viser tydeleg at det er mykje å ta tak i i SYS-kommunane (minus Høyanger). Bortsett frå Førde og Solund, og delvis Jølster, har heller ingen av kommunane *kommunepartalar* slik me vanlegvis oppfattar dei i dag. HAFS-kommunane (med Gulen og minus Solund) har ei felles portalside og ein enkel presentasjon av kommunane. Sidan dei har same tekniske plattform og oppsett, skulle dei hatt same vurdering på området Tilgjengelegheit. Totalresultatet på to stjerner gir likevel eit bra bilet av tenestene.

Førde kommune blir straffa hardt for därleg teknisk løysing. Med små konkrete endringar (som vart føreslegne for kommunen alt i 2002 i prosjektet ”Best på nett”), ville dei ha heva seg på områda Tilgjengelegheit og Brukartilpassing slik at dei hadde fått ein god 4-ar, i staden for ein god 3-ar. Innhaldsmessig er Førde mellom dei beste av SYS-kommunane.

Jølster får ”ufortent” godt resultat, hovudsakleg fordi dei har gjort det enkelt. Her er det enkle HTML-sider utan noko ”fiks-fakseri”, og det gir resultat særleg på tilgjengelegheit, men også delvis på brukartilpassing. Sjølv utan integrasjon mot sak/arkiv-system, har dei postliste tilgjengeleg på nettsidene. Det viser at ein kan dersom ein vil, og at det sjeldan er teknologien som er grunnen til at noko ikkje blir gjort. Når vi seier ”ufortent”, er det fordi det innhaldsmessig er litt for tynt. Det manglar framfor alt integrasjon til andre system i kommunen (særleg sak/arkiv), men dei blir ikkje trekte så mykje for det.

4.5 Analyse av utvalde kommuneportalar

Som ein viktig del av arbeidet med etablering av nye portalar for kommunane i Sunnfjord, er det gjort ei vurdering av andre kommuneportalar. Det er viktig å måla seg med andre kommunar, både for å læra og bruka det som er bra, og sjå kva som kan gjerast betre. Dette er ein slags ”konkurrent-analyse”, men her er det konkurranse i positiv forstand: Kopiera det som er bra hjå andre for å strekkja seg lenger og sjå etter mulege fallgruver som bør unngåast.

Dette er ein enkel analyse av eit utval kommuneportalar som har fått god vurdering i Norge.no si kvalitetsevaluering. Kommunane som har oppnådd full skår, 6 stjerner, er vurderte i lag med andre store og gode kommuneportalar som Bergen, Trondheim og Stavanger.

Vurderinga er gjort på følgjande måte:

- Ei vurdering av **startsidan**: Menyval, menyoppbygging, generelt inntrykk
- Ei vurdering av ”**kjerneside**” /**temaside** for barnehage. Kjerneside er her forstått som den sentrale sida som omhandlar barnehage og korleis den er bygd opp. Det er ei side der brukaren forventar å få mest muleg informasjon om emnet ’barnehage’ samla på ein stad.
- Eit **søk** på ordet ’barnehage’ og vurdering av søkeresultatet

Det er på ingen måte ei uttømmende vurdering, snarare ei stikkprøve-vurdering med vekt på emnet ’barnehage’. Den seier likevel ein del om måten portalen omhandlar og presenterer sentrale emne og korleis søkefunksjonen fungerer.

Desse kommuneportalane er vurderte:

Kommune	Vurdering i Kvalitet 2006
Asker	6 stjerner
Sørum	6 stjerner
Stavanger	5 stjerner
Bergen	- (ny portal som enno ikkje er vurdert)
Trondheim	5 stjerner
Larvik	6 stjerner
Hole	6 stjerner

Oppsummering av analyse

Som nemnt i innleiinga til dette kapitlet er analysen relativt overflatisk ved at den berre ser på tre utvalde tema, og det er heller ikkje formulert tydelege og etterprøvbare indikatorar for tema. Kritikken er likevel grunngjeven og kan slik sett etterprøvast og analysen gir gode haldepunkt for arbeidet med utforming av best muleg portal for Sunnfjord-kommunane.

Analysen tek tak i viktige sider ved ein offentleg portal (ja, alle slags portalar for den saks skull): startsida med menyoppbygging og strukturering, ei typisk temaside (kjerneside) og kanskje viktigast av alt: søkerfunksjonaliteten. På det siste området kjem alle evaluerte portalane därleg ut.


Ut frå denne raske analysen er inntrykket at alle dei evaluerte nettstadane har til dels store manglar og slik sett kanskje ikkje fortener den karakteren dei har fått i Kvalitet 2006. Samla sett står Asker kommune fram som den beste av portalane. Analysen er slik sett også eit viktig innspele i det årlege arbeidet med formulering av indikatorar for gode offentlege nettsteder.

5. Forslag til informasjonsstruktur og -arkitektur

Med informasjonsstruktur meiner vi den grunnleggjande strukturen i portalen; korleis informasjonen er strukturert. Med informasjonsarkitektur meiner vi korleis denne strukturen kjem til uttrykk på portalen.

5.1 Informasjonsstruktur

Informasjonsstruktur for Sunnfjord-kommunane



Figur 9: Føreslegen informasjonsstruktur for Sunnfjord-portalane. Grå boksar indikerer ”ønskjeleg”, men er ikkje ”obligatorisk”. I staden for ”datatype” skulle det stått ”emnetype”.

I arbeidet med informasjonsstruktur for dei nye portalane har vi teke utgangspunkt i emnekartteknologi (sjå kapittel 2.1) og brukte denne som modelleringsspråk. I emnekart er *emne* og *emnetyper* sentrale omgrep. Eksempla under viser kva vi meiner med omgropa:

Tabell 2: Eksempel på emne og tilhøyrande emnetype i strukturen

Emne	Emnetype
Barnehage	Teneste
Tenestebeskrivelse for barnehage	Tenestebeskrivelse
Ole John Østenstad	Person
Halbrendslia barnehage	Institusjon

Samanhengen mellom ulike emne er også viktig i emnekart-tenking. I ein emnekartbasert kommuneportal ville vi ha sett namn på samanhengane (assosiasjonane) mellom emne som *barnehage* og *tenestebeskrivelse* for barnehage og institusjonen *Halbrendslia*. Sjølv om vi har brukte emnekart for å beskriva emne og relasjonar mellom desse, blir ikkje portalane av den grunnen emnekartportalar. Til det trengst det spesifikk emnekart-teknologi som støtte og det ligg ikkje inne i portalleverandøren si løysing.

Grunnane for å tydeleggjera namngivinga både av emne og samanhengar mellom dei, er å automatisera portaloppsett og –samanhengar seinare. Når kjernesidene skal setjast opp, er det viktig at dei ulike modulane som inngår i dei, har automatiske relasjonar og at det ikkje er hardkoda inn i portalen. Det siste ville sjølvsagt ført til ein uhalldbar vedlikehaldssituasjon.

Utfordringa har vore å få leverandøren av eit standard portal- og publiseringssystem til å forstå emnekart-tenkinga og å utvikla systemet sitt i retning av denne. Det betyr ikkje at leverandøren må laga ei emnekartløysing, det ville vore ei uoverkommeleg oppgåve i denne omgangen, men at grunnstrukturen, slik den er vist i figuren over, blir støtta og at enkle relasjonar også blir støtta.

Ei viktig side ved innføring av emnetypar som begrep i informasjonsstrukturen er at malar som seinare skal utviklast av portalleverandøren for å fylla informasjon om ulike emne, må **reflektera strukturen** i emnetypen. Informasjon om ei teneste krev andre datafelt enn informasjon om ein person eller ein institusjon. Det føreset at ikkje alt blir skrive inn i eitt samanhengjande tekstfelt, men at malen for ein emnetype reflekterer type data som skal inn (personinformasjon krev som regel felt for førenamn, etternamn, stilling osv.).

Utfordringa med implementering av informasjonsstrukturen vist i figur 9 blir ytterlegare komplisert ved at informasjonsstrukturen også må støtta det nye Los-systemet. Det er ikkje eksplisitt vist i figuren over, men emneord i Los må koplast til emnetypane teneste og dei ulike undertypane av teneste (tenestebeskrivele, skjema osv.). Helst bør emne av alle emnetypane kunna koplast til Los emneord.

5.2 Informasjonsarkitektur

Informasjonsarkitektur er tett kopla til informasjonsstrukturen og kan vera vanskeleg å skilja frå denne. Eit skilje kan vera at informasjonsstrukturen ofte ikkje vil synast i portalen medan arkitekturen er korleis dette blir vist og gruppert på portalen.

Signala frå prosjekteigar om at nettbanken heller enn nettavisa skal vera førebilete, har vore styrande for arbeidet med informasjonsarkitekturen. Arbeidsgruppa i prosjektet vil løfta fram tenester og toner ned nyheits-/aktueltetsdelen.

Som modell for presentasjon av informasjon har vi bygt på *kjernesider*, omtalt i kapittel 2. Vi viser her eitt av prototype-forslaga for framside og for kjerneside for barnehage. Det er utvikla prototypar for mange fleire sider og dei er tilgjengelege på <http://vfp1.vestforsk.no/sys/>.



Bustad og eigedom
[Byggesak](#), [Eigedomsskatt](#), [Kart](#),
[Renovasjon](#), [Tomter](#), [meir...](#)

Familie
[Barnehage](#), [Barnevern](#), [meir...](#)

Helse
[Helsestasjon](#), [Legesteneste](#), [Sjukehus](#),
[Svangerskapsomsorg](#), [meir...](#)

Kultur og fritid
[Bibliotek](#), [Førdehuset](#), [Kino](#), [Lag og foreninger](#), [Lokalhistorie](#), [meir...](#)

Næring
[Bedriftsetablering](#), [Bygdeturisme](#),
[Landbruk](#), [Skjenkeløyve](#), [meir...](#)

Trygd og sosiale ytingar
[Attföring](#), [Dagpengar](#), [Fødselspengar](#),
[Pensjon](#), [Sosialhjelp](#), [meir...](#)

Omsorg og sosiale tjenester
[Alders- og sjukeheimar](#),
[Omsorgsbustad](#), [Heimehjelp](#), [meir...](#)

Skule og utdanning
[Grunnskular](#), [Vidaregåande skular](#),
[PP-teneste](#), [SFO](#), [Skuleruta](#), [meir...](#)

Trafikk og samferdsle
[Brøyting](#), [Parkering](#), [TT-teneste](#), [meir...](#)

[Alle tenester](#) [Alle søknadsskjema](#)

Lokaldemokrati
[Bystyret](#), [Møtekalender](#), [Politiske partier](#),
[Politiske utval](#), [meir...](#)

Administrasjon
[Alle tilsette](#), [Ordførar](#), [Rådmann](#),
[Servicetorget](#), [meir](#)

Ring oss på telefon 57 21 20 00

[Alt innhold frå A-Å](#)

Logg inn/mi side

Ledig felt

[Honningsvågrevyen:](#) [Perler fra svin](#)

Superlativa haglar, og billetttalet er eventyrlig for forestillinga "Perler Fra Svin". Måndag 26. februar kl 20.00 kan du oppleve suksessforestillinga i Førdehuset. Billettar: 57 72 19 00
23. mars



[Dette er den fantastiske nyheit nummer to](#)

23. mars

Kva skjer i Førde:

Måndag 19. februar
[Byjubileum - Førde 10 år!](#)
[Kino: Sølvgruvens hemmelighet](#)
[Kino: Parfyme: Historien om en morder](#)
[Møte i formannskapet](#)

Onsdag 21. februar
[Konsert: Morten Abel](#)
[Kino: Sølvgruvens hemmelighet](#)
[Kino: Parfyme: Historien om en morder](#)
[Møte i Bystyret](#)
[Møte i Planutvalet](#)

Måndag 26.februar

Mest etterspurtt

[Kinoprogram](#)
[Terapibassenget](#)
[Skuleruta 2006-07](#)
[Søk om barnehageplass](#)
[Søk om byggeløyve](#)
[Alle søknadsskjema](#)
[Postliste og saksliste](#)
[Turistinformasjon](#)
[Ledige stillinger](#)

Figur 10: Utkast til framseite for Sunnfjordportalane

Startsida har tydeleg fokus på *tenester* og nyheter er tona ned. Det er lagt vekt på å løfta fram mykje innhald i form av mange lenkjer på startsida. Det er tre gjennomgående menyval: 'Tenester', 'Lokaldemokrati' og 'Om kommunen' i tillegg til 'Kontakt oss'.

<Kommune>

Framside Tenester Lokaldemokrati Om kommunen Kontakt oss

Tenester: Famile og barn:

Barnehage

Søk om barnehageplass

Oversikt over barnehagar ►

Fullstendig tenestebeskrivelse

Sjå også
Adopsjon
Gamlebidrag
Barnehagetryd
Engangstiltenad
Einsig forsørger
Farskap
Festivalsengar
Fodboldpermisjon
Kontinentstelle
Leikenlassa
Gmosporspenger
Omsorgspersmisjon
Personnamm
Skulefriftidsordning (SFO)

Allie familie-tenerster

Allie tenerster A-Å

Kalender Kart Lag og foreninger Turistinfo Postliste/saker Innhald A-A In English

Søk ut denne siden

Søk om barnehageplass





Søknadsfristen for hovudopplaket er 1. mars, men ein kan søkja barnehageplass heile året. Du søker plass ved å bruke vår fullelektroniske søknadsportal. Her sender du oss søknaden frå dataskjermen. Opplysningane går direkte inn i vårt barnehagesystem, og du får ei kvittering på at søknaden er motteken.

Søk om barnehageplass

Spørsmål & svar

- ① Kor gammalt må barnet vera før det kan byrja i barnehage?
Barnet må vere fylt 10 månader før det kan begynne i barnehagen.
Det kan søkjast plass i inn til 3 barnehagar.
- ② Kva er prioriterte grupper?
Kor mykje kostar det?
- ③ Finst det barnehagar som er opne på kvelden og om natta?
Kor lang tid tar det før eg får svar på søknaden?
- ④ Kan eg klage på utfallet av søknaden?

Barnehagar i Førde

Kommunale barnehagar	Private barnehagar
 Førde familiebarnehage Slottbaen 33 6800 FØRDE 57 83 22 47	 Kyrkjevegen barnehage Postboks 6 6800 FØRDE 916 90 359
 Halvrend barnehage Lævegen 37 6800 FØRDE 57 72 44 36	 Prestebakken barnehage Kyrkjevegen 30d 6800 FØRDE 57 82 04 22
 Sletteløkane barnehage Ekombie 3 6800 FØRDE 57 72 44 45	 Solvang barnehage Solvang 17 6800 FØRDE 57 82 30 03
 Haugum barnehage Stranda 12 6800 FØRDE 57 72 44 40	 Vieggen barnehage Gardsstalsvegen 6800 FØRDE 57 82 10 50
 Karstad barnehage Solheimsdalen 6800 FØRDE 57 72 44 30	 Vieåsen barnehage DA Rannekleva 2 6800 FØRDE 57 82 04 58

Kontakt

Anne K. Finsveen Midtb
Servicekontoret
Sakhandeamar
Tlf: 57 72 20 55
ante-k.finsveen-midtb@kvote.kommune.no

Annborg Brekkhus
Servicekontoret
Konsulent
Tlf: 57 72 20 65
annborg.brekhus@ungdoms.kommune.no

Servicekontoret
57 72 20 55
servicekontoret@kvote.kommune.no

Lenker

Tenestebeskrivelse (Kommunedriftlaget)
Lav om barnehage (Lovdata)
Vedtak om mekspris

 [Tips ein venn om denne siden](#)

Figur 11: Eksempel på kjerneside for tenesta barnehage

Kjernesida for barnehage legg vekt på gå rett på sak og få fram det viktigaste, noko som for dei fleste er søknad om barnehageplass og frist for denne. Det er også tydeleg merka utgang frå kjernesida, i dette tilfellet til søknadsskjemaet.

Relevant kontaktinformasjon, vanlege spørsmål og svar, aktuelle barnehagar og andre relaterte lenkjer (blir truleg delte i interne og eksterne) er også sentrale komponentar på kjernesida. Det viktige er at desse er kopla saman ved hjelp av informasjonsstrukturen og ikkje ”hardkoda”. I venstremenyen er andre relaterte tenester lista. Dei er tenkt henta frå Los-systemet og er emneord i same underkategori som barnehage.

Her er berre omtala og vist dei mest sentrale områda i arbeidet med informasjonsarkitektur for Sunnfjordportalane: informasjonsstrukturen og kjernesidemodellen. Resultatet av prosjektet omfattar mykje meir, og det er detaljert omtala i eit eige arbeidsdokument som vil følgja prosjektet til det er fullført.

Referansar

- Daconta, Michael C., Leo J. Obrst og Kevin T. Smith *The Semantic Web: A Guide to the Future of XML, Web Services, and Knowledge Management*, Wiley Publishing 2003
- Dahlbom, Bo og L. Mathiassen *Computers in Context*, Basil Blackwell, 1993
- Fornyings- og administrasjonsdepartementet *Eit informasjonssamfunn for alle*, Stortingsmelding 17/2006, Oslo 2006
<http://www.regjeringen.no/nb/dep/fad/kampanjer/Eit-informasjonssamfunn-for-alle.html?id=445374>
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane *Elektronisk samhandling og meldingsutveksling mellom Noark-system*, Rapport 1/2007, Leikanger 2007
<http://www.efylke.no/hoved.aspx?m=33796&amid=1363007>
- Halland, Are Gjertin Urkegjerde og Mona Sverrbo Halland *Core+Paths – A Design Framework for Findability, Prioritization and Value*, presentasjon på IA Summit 2007, Las Vegas. <http://www.iallenkelhet.no/index.php?s=core+path>
- KS *eKommune 2009*, Oslo 2005,
www.ks.no/upload/70346/ekommune.pdf
- Pepper, Steve *The TAO of Topic Maps*, Proceedings from XML Europe 2000
<http://www.gca.org/papers/xmleurope2000/papers/s11-01.html>
- Riksarkivet *Noark-4 Web Services*, Funksjonell beskrivelse versjon 1.0,
http://www.riksarkivet.no/noark-4/Noark-4_Web_Services1.pdf, Oslo 2006
- Riksarkivet *Hvordan står det til med Noark-5?* Presentasjon på seminar om BEST-prosjektet, prosjektleiar for Noark-5, Anne Mette Dørum, Riksarkivet
http://www.efylke.no/Riksarkivet_RKWAPa87581et.ppt.file
- Rosenfeld, Louis og Peter Morville *Information Architecture for the World Wide Web: Designing Large-Scale Web Sites*, 2nd ed., O'Reilly Media Inc., Sebastopol, 2002
- Morville, Peter *Ambient Findability: What We Find Changes Who We Become*, O'Reilly Media Inc., Sebastopol, 2005
- Statskonsult *Til tjeneste*, Statskonsult-notat 2002:10, Statskonsult 2002
- Ølnes, Svein *Nye LivsIT - Forslag til ny informasjonsstruktur for LivsIT*, VF-rapport 2-2005, Vestlandsforskning 2005,
<http://www.vestforsk.no/www/show.do?page=12&articleid=1210>

Ølnes, Svein	<i>Emnekart og tenesteprosessar. Bruk av emnekart-teknologi som kunnskapsstøtte for utføring av tenester på nettet.</i> VF-rapport 3/2006, Sogndal, 2006
Ølnes, Svein, Nils Arne Hove og Håvard Myrvang	<i>IT-løysingar for kommunesamarbeid i Sogn og Fjordane,</i> VF-rapport 6/2007, Sogndal, 2007
Aaberge, Terje	<i>Konstruksjon av informasjonsstruktur for tematisk avgrensa informasjonsdomene,</i> VF-rapport 1-2006, Vestlandsforskning 2006, http://www.vestforsk.no/www/show.do?page=12&articleid=1232

Vedlegg 1: Analyse av eit utval kommuneportalar

1. Asker kommune (6 stjerner)

Portalleverandør: *Sem & Stenersen Prokom*

Oppløysing: 1024 x 768

Hovudmeny/Overskrifter på startsida:

- 'Tjenester'
- 'Lokaldemokrati'
- 'Aktuelt'
- 'Nyheter'
- 'Ditt Asker'
- 'Selvbetjingen'
- 'Dialog'
- 'Kulturhus'
- 'Bibliotek'
- 'Næringsliv'

Tenestemenyen følgjer ein slags Los-standard, men er ikkje identisk med Los.

The screenshot shows the homepage of Asker kommune. At the top left is the Asker kommune logo. To its right is the text 'MULIGHETENES KOMMUNE'. On the far right of the header is a search bar with the placeholder 'Søk i nettsted' and three small links: 'Kontakt oss', 'Organisasjon', and 'Nettstedskart'. Below the header is a photograph of three young people cheering. The main content area is divided into several sections: 'TJENESTER TIL DEG' (links to various municipal services like waste collection, family, housing, etc.); 'NYHETER' (a news section with articles from March 2007); 'AKTUELT' (links to current topics like opening times, payment terms, etc.); 'DITT ASKER' (links to volunteer opportunities, information in English, maps, etc.); and a sidebar with 'SELVBETJENING' (links to job listings, school places, etc.). On the right side, there are three large colored boxes: orange for 'Kulturhus', red for 'Bibliotek', and blue for 'Næringsliv'.

Figur 12: Startsida til Asker kommune

Når ein gjer eit val i menyen, blir menyvala 'Tjenester til deg', 'Ditt Asker' og 'Lokaldemokrati' ståande. Det må oppfattast som hovudmeny i portalen.

Ved val av teneste kjem ein til ei mellomside/transportside som gir ein undermeny i venstremarg og nyheiter på innhaldssida. Generell kontaktinfo i høgremarg

Temaside

Barnehagesida (som må oppfattast som kjerneside/temaside for barnehage) kjem opp med ei orientering om tal barnehagar, visjonen for barnehagesatsinga i kommunen og kvalitet. Under er det info om søknadsfrist og i tillegg nyheiter. I høgremargen er det lenke til søkeradsskjema ('Sjølvbetjening'), generell kontaktinformasjon og 'Les mer' som er diverse relaterte lenker

